

Bestandsplan for elg og hjort 2026-2028



**Valle og Hylestad Austhei Viltlag
Hylestad Vest Viltlag**

Forklaringar av nokre ord og uttrykk

<i>Settelg</i>	Brukast om resultata frå sett elg-skjemaet som alle vald og jaktfelt årleg fyller ut.
<i>Settelg pr. jegerdag</i>	Totalt tal på dyr sett dela på talet på jegerdagsverk. Utviklinga i sett dyr per jegerdagsverk seier noko om bestanden aukar eller minkar.
<i>Settku pr. okse</i>	Totalt tal på kyr på 1,5 år og eldre dela på talet på stutar på 1,5 år og eldre. Eit kyr-stut-forhold på 2,0 seier at det er sett to kyr per stut.
<i>Settkalvpr. kalvekyr</i>	Tvillingdelen (tvillingraten) blant kyr som har kalv. Viss verdien av kal sett per kalvekyr er 1,05 så tyder det at av 20 kyr med kalv så har ein av dei tvillingar (5 %).
<i>Settkalvpr. kyr</i>	Totalt tal på kalvar dela på totalt tal på kyr sett.
<i>Feltdyravsettdyr</i>	Alle felte dyr dela på alle sette dyr i prosent. Viss felte av sette stutar ligg på 50 % tyder det at ein skyt annankvar stut ein ser (under praktisk jakt skyt ein då om lag alle stutar ein har mogelegheit til å felle).

Innhald

1. Bestandsplanens avgrensing og storleik	4
2. Planperiode	6
3. Bestandssituasjon elg.....	6
Bestandssituasjon hjort.....	7
4. Mål for planperioden 2026-2028	7
5. Planlagt uttak av elg i perioden.....	9
6. Bestandssituasjon hjort.....	14
6.1 Planlagt uttak av hjort i perioden.....	15
7. Fallvilt og felling av skadedyr	17
8. Reaksjonsføresegner	18
9. Rådyr	18
10. Bever	18
11. Fullmakt	18

1. Bestandsplanens avgrensing og storleik

Bestandsplan område er Valle og Hylestad Aust og Valle og Hylestad Vest.

Valle og Hylestad Austhei Viltlag består av valda Oveinang Aust (4 jaktfelt), Homme, Tveitebø (2 jaktfelt), Nordibø, Vallebygda, Harstad, Hovet/Haugen, Bjørgum og Straume (2 jaktfelt). Valda er organisera i eitt bestandsplanområde som disponerer eit totalt teljande areal på 290 278 daa (tabell 1).

Tabell 1. Oversikt over Valle og Hylestad Austhei Viltlag med teljande areal fordela på jaktfelt:

Jaktfelt:	Jaktfeltnr:	Teljande areal:
Oveinang aust	4221V0007	53 138 daa
Homme	4221V0003	21 530 daa
Tveitebø	4221V0006	27 665 daa
Nordibø	4221V0010	12 058 daa
Vallebygda	4221V0008	21 743 daa
Harstad	4221V0009	12 853 daa
Hovet/Haugen	4221V0005	26 764 daa
Bjørgum	4221V0002	33 539 daa
Straume	4221V0001	80 988 daa
Sum bestandsplanområde:		290 278 daa

Hylestad Vest Viltlag består av valda Ljosådalen – Njardarheim (Statskog), Oveinang vest (2 jaktfelt), Bø/Åmli/Berg, Helle, Uppstad, Brokke – Garane, Besteland, og Rysstad – Nomeland. Valda er organisera i eitt bestandsplanområde som disponerer eit totalt teljande areal på 234 775 daa (tabell 2).

Tabell 2. Oversikt over Hylestad Vest Viltlag med teljande areal fordelt på jaktfelt:

Jaktfelt:	Jaktfeltnr:	Teljande areal:
Ljosådalen – Njardarheim (Statskog)	4221J0006	6 126 daa
Oveinang vest grunneigarjakt og utleigejakt	4221J0005 og 4221J0007	72 732 daa
Bø/Åmli/Berg	4221J0020	18 434 daa
Helle	4221J0021	32 909 daa
Uppstad	4221J0022	11 232 daa
Brokke - Garane	4221J0023	31 736 daa
Besteland	4221J0024	9 332 daa
Rysstad - Nomeland	4221J0026	46 513 daa
Sum bestandsplanområde:		229 014 daa


2. Planperiode

Ein har valt en planperiode på 3 år, altså 2026 - 2028.


3. Bestandssituasjon elg

Valle kommune

Gjennomsnittlige slaktevekt for kalv i Valle kommune



Felte elg i Valle 2015-2025



4. Mål for planperioden 2026-2028

Kommunale målsettingar

Plan- og miljøutvalet i Valle kommune har fastsett mål for hjorteviltforvaltninga i Valle den 11.2.2014.

Dei kommunale måla er:

- *Bestanden av elg og hjort skal haldast på eit nivå som til ei kvar tid vurderast som berekraftig, både i høve til bestandens innkvalitet og i høve til utmarksrelaterte verksemd.*
- *Kommunen meiner at kvota for elg må vere på noverande nivå i perioden.*
- *For hjort vil ein vurdere kvota kvart år.*
- *Bestandane skal ha ein biologisk forsvarleg kjønns- og aldersstruktur, og oppretthalde sin naturlege genetiske variasjon.*
- *Bestandane skal ikkje representere eit trugsmål mot biologisk mangfald.*
- *Bestandane skal gi mest mogeleg stabil avkastning som grunnlag for ei sunn økonomisk og rekreasjonsmessig utnytting.*
- *Hjorteviltets leveområde skal forvaltast slik at en sikrar kvalitet i et langsiktig tidsperspektiv.*
- *Kommunen ønsker at jaktvalda organiserast i einingar som i størst mogeleg grad fell saman med naturlege bestandsgrenser.*
- *Det er 2 jaktvald i kommunen som etablerer felles driftsplan for perioden, og kommunen vil vurdere økonomisk bidrag gjennom viltfondet til slikt arbeid.*

Målsetningane til viltlaga

Hovudmål

Viltlaga sine føremål er å samle valda/jaktlaga for i fellesskap å forvalte viltet som ein del av landbruksnæringas ressursgrunnlag.

Viltlaga skal i sitt arbeid sørge for:

1. Ei langsiktig forvaltning av elg med best mogeleg produksjon og avkastning tilpassa leveområdets bereevne (tilgjengeleg elgbeite) og skadar på jord- og skogbruk.
2. På sikt ynskjer ein å betre elgstammens bestandskondisjon. Elgens

bestandskondisjon vurderast ut frå observera kalveratar, samt utviklinga i snittvektar for kalv og ungdyr.

,

Målbare delmål:

- *Delen av eldre stutar i elgstamma skal oppretthaldast. Kyr/stut-forholdet skal vere 1,5 i «sett-elg» ved planperiodens slutt.*
- *At stamma aukar slik at ein kan gå ut frå eit minsteareal på 6000 daa i neste planperiode.*

Om målet er nådd definerast ut frå gjennomsnittstal for bestandsplanområdet samla ved planperiodens slutt for treårsperioden (2026-2028).

* For å kunne fylgje utviklinga i slaktevektar på felte dyr må alle dyr vegast nøyaktig på same måte frå år til år. Alle dyr må aldersbestemast og rapporterast som kalv, halvtannaåringar og eldre dyr basert på kjeveobservasjonar.

5. Planlagt uttak av elg i perioden

I perioden 2026-2028 vert det lagt opp til **ei kvote på 213 elg**, noko som svarar til 6000 daa per tildela dyr for Valle og Hylestad Aust og 10 000 daa for Valle og Hylestad Vest.

Totalt for planperioden svarar dette til ei kvote på 213 dyr, inklusive 5 skrapdyr, for perioden.

I løpet av planperioden ynskjer en at felte dyr skal fordele seg som fylgjer med omsyn til alder og kjønn:

	Ideell fordeling	Akseptera fordeling
Kalv / halvtannaårige dyr pluss eldre dyr under 140 kg	70 %	Minimum 55 %
Eldre stutar over 140 kg	25 %	Maks 35 %
Eldre kyr over 140 kg	5 %	Maks 10 %

Fylgjande retningslinjer gjeld:

- Det er et mål at den årlege avskytinga skal liggje innanfor desse marginane, men avvik enkelte år kan justerast i løpet av perioden. Ved planperiodens utløp skal felte dyr fordele seg i høve til planen.
- I staden for eldre dyr kan det felles kalv, eventuelt halvtanna års dyr av samme kjønn.
- For å oppretthalde ynskt del av stutar i bestanden skal det i løpet av planperioden fellast maksimalt 55 % hanndyr.
- Minst 15 % av det totale uttaket skal være kalv.
- Ungdyr og «smådyr» må kontrollerast for rett alder ved kontroll av kjeve, slik at reell alder vert meldt inn. Eldre dyr under 140 kg godtakast som «smådyr» i planen,

men registrerast som eldre dyr i «sett elg» skjema (felt elg).

- Av totalkvota setjast der av ei kvote til premiering av uttak av skrapdyr. Viltlaga avgjer sjølve kor mange dyr som skal haldast attende som skrapdyrkvote. Kalv under 40 kg og ungdyr under 90 kg er definera som skrapdyr.
- Skrapdyr skal meldast til valdansvarleg, og jaktlaget behelder dyret og får tildelt tilsvarande dyr frå valdansvarleg.
- Vektgrensa for nedklassifisering av eldre dyr er sett til 140 kg.
- Det kan overførast eitt dyr frå år til år.

Vidare legg hjorteviltforskrifta, forskrift om utøving av jakt og fangst og anna gjeldande lovverk føringane for den generelle jaktutøving og regelverk.

Plan for årleg avskyting Valle og Hylestad Aust

Straume					
År	Kalv	Ungdyr	Eldre kyr	Eldre stut	SUM
2026	4	5	1	3	13
2027	4	5	2	2	13
2028	4	6	1	3	14
Sum i perioden	12	16	4	8	40

Bjørgum					
År	Kalv	Ungdyr	Eldre kyr	Eldre stut	SUM
2026	2	2		1	5
2027	1	2	1	1	5
2028	2	2	1	1	6
Sum i perioden	5	6	2	3	16

Hovet og Haugen					
År	Kalv	Ungdyr	Eldre kyr	Eldre stut	SUM
2026	1	2		1	4
2027	2	2	1		5
2028	1	1	1	1	4
Sum i perioden	4	5	2	2	13
Harstad					
År	Kalv	Ungdyr	Eldre kyr	Eldre stut	SUM
2026	1	1			2
2027	1	1		1	3
2028		1	1	1	2
Sum i perioden	2	3	1	1	7
Vallebygda					
År	Kalv	Ungdyr	Eldre kyr	Eldre stut	SUM
2026	1	2		1	4
2027	2	1	1		4
2028	1	1		1	3
Sum i perioden	4	4	1	2	11
Nordibø					
År	Kalv	Ungdyr	Eldre kyr	Eldre stut	SUM
2026	1	1			2
2027	1	1		1	3
2028		1		1	2
Sum i perioden	2	3		2	7
Tveitbø					
År	Kalv	Ungdyr	Eldre kyr	Eldre stut	SUM
2026	1	2	1	1	5
2027	1	2		1	4
2028	2	1		1	4
Sum i perioden	4	5	1	3	13
Homme					
År	Kalv	Ungdyr	Eldre kyr	Eldre stut	SUM
2026	1	2		1	4
2027	1	1	1		3
2028	1	2		1	4
Sum i perioden	3	5	1	2	11
Oveinang Aust					
År	Kalv	Ungdyr	Eldre kyr	Eldre stut	SUM
2026	2	3	1	2	8
2027	3	3	1	1	8
2028	2	4		2	8
Sum i perioden	7	10	2	5	24

**Plan for årleg avskyting
Valle og Hylestad Vest**

Ljosådalen – Njardarheim (Statskog)					
År	Kalv	Ungdyr	Eldre kyr	Eldre stut	SUM
2026					
2027					
2028					
Sum i perioden					0

Oveinang vest grunneigarjakt og utleigejakt					
År	Kalv	Ungdyr	Eldre kyr	Eldre stut	SUM
2026	2	4		2	8
2027	2	4	1	1	8
2028	2	3	1	1	7
Sum i perioden	6	11	2	4	23

Bø/Åmli/Berg					
År	Kalv	Ungdyr	Eldre kyr	Eldre stut	SUM
2026	1	1			2
2027		1		1	2
2028	1		1		2
Sum i perioden	2	2		1	6

Helle					
År	Kalv	Ungdyr	Eldre kyr	Eldre stut	SUM
2026	1	1	1		3
2027	1	1		1	3
2028	1	2		1	4
Sum i perioden	3	4	1	2	10

Uppstad					
År	Kalv	Ungdyr	Eldre kyr	Eldre stut	SUM
2026		1			1
2027				1	1
2028	1				1
Sum i perioden	1	1		1	3


Brokke – Garane					
År	Kalv	Ungdyr	Eldre kyr	Eldre stut	SUM
2026	1	2		1	4
2027	1	1	1		3
2028	1	1		1	3
Sum i perioden	3	4	1	2	10

Besteland					
År	Kalv	Ungdyr	Eldre kyr	Eldre stut	SUM
2026		1			1
2027				1	1
2028	1				1
Sum i perioden	1	1		1	3

Rysstad – Nomeland					
År	Kalv	Ungdyr	Eldre kyr	Eldre stut	SUM
2026	1	2		1	4
2027	1	2	1		4
2028	2	1	1	1	5
Sum i perioden	4	5	2	2	13

6. Bestandssituasjon hjort

Hjortebestanden i Aust-Agder har sidan tusenårsskiftet auka mykje. Det same gjeld Valle kommune. Fellingsrekorden på 36 dyr vart sett i 2022. Observasjonsdata er noko mangelfulle dei siste åra, men fellingstalet indikerer ein vekst i bestanden over tid. Ein har hatt et jamt uttak av dyr fordela på alder og kjønn. Førebels føreligg lite data for å tolke bestandsutviklinga i detalj.



Figuren visar utviklinga av felte hjort i Valle kommune dei siste 5 sesongane.

Mål for hjort i Valle og Hylestad Austhei:

Hovudmål

- Ynskjer å bevare en hjortebestand i god kondisjon, med høy del av bukk.

Delmål

- En ynskjer å halde stamma på eitt berekraftig nivå.
- Alle jaktfelt som jaktar hjort skal ta i bruk «sett hjort»-skjema, eventuelt føre «sett hjort i elgjakt». Alle dyr skal vegast og aldersbestemmast, og slaktevektene og tala frå «sett hjort» skal registrerast i Hjorteviltregisteret. Slaktevekter opplysast for kalv, halvtannaåringer og eldre dyr basera på kjeveobservasjonar eller tenner.

6.1 Planlagt uttak av hjort i perioden

I perioden 2026-2028 vert det lagt opp til ei kvote på 261 hjort, noko som svarar til 6 000 daa for Valle Kommune. I tillegg har kommunen ei kvote på 10 dyr årleg for fordeling som tilleggssdyr. Tal på tilleggssdyr kan ikkje overstige laget årlege kvote. Ein må minimum ha minstearealet for å få tildela kvote.

I løpet av planperioden ynskjer en at felte dyr skal fordele seg som følgjer med omsyn til alder og kjønn:

	Ideell fordeling	Akseptera fordeling
Kalv	30 %	Minimum 15 %
Hanndyr 1,5 år og eldre	40 %	Maks 60 %
Hodyr 1,5 år og eldre	30 %	Maks 50 %

Fylgjande retningsliner gjeld:

- Det er et mål at den årlege avskytinga skal liggje innanfor desse marginane, men avvik enkelte år kan justerast i løpet av perioden. Ved planperiodens utløp skal felte dyr fordele seg i høve til planen.
- For å oppretthalde ynskt del av bukk i bestanden skal det i løpet av planperioden fellast maksimalt 60 % hanndyr halvtanna år og eldre.
- Minst 15 % av det totale uttaket skal være kalv.
- Tilleggssdyr må søkjast kommunen om.

Det vert viktig å fylgje med på bestandsutviklinga. Store endringar i bestandsstorleiken/ bestandssamansetning løpet av perioden kan medføre behov for endringar i

avskytingsstrategi i løpet av planperioden.

Retningslinjer om fordeling av årleg fellingskvote mellom dei ulike vald/jaktfelt, samt andre reglar/verkemiddel for jaktutøving internt i viltlaga går som for elgen fram av egne vedtekter og reglar.

Plan for avskyting Valle og Hylestad Aust

NB! Tildeling for heile perioden. Dei ulike jaktfelta kan sjølv styre fordelinga innanfor perioden berre avskjotinga stemmer ved jaktslutt 2028.

	Oveinang Aust				
	Kalv	Kolle	Spissbukk	Bukk	SUM
2026-2028	8	9	3	9	29
	Homme				
	Kalv	Kolle	Spissbukk	Bukk	SUM
2026-2028	3	3	1	3	10
	Tveitebø				
	Kalv	Kolle	Spissbukk	Bukk	SUM
2026-2028	4	3	1	4	12
	Nordibø				
	Kalv	Kolle	Spissbukk	Bukk	SUM
2026-2028	2	2	1	2	7
	Vallebygda				
	Kalv	Kolle	Spissbukk	Bukk	SUM
2026-2028	3	3	1	3	10
	Harstad				
	Kalv	Kolle	Spissbukk	Bukk	SUM
2026-2028	2	2		2	6
	Hovet/Haugen				
	Kalv	Kolle	Spissbukk	Bukk	SUM
2026-2028	4	4	1	4	13
	Bjørgum				
	Kalv	Kolle	Spissbukk	Bukk	SUM
2026-2028	5	5	2	5	17
	Straume				
	Kalv	Kolle	Spissbukk	Bukk	SUM
2026-2028	12	12	4	12	40

Plan for avskyting Valle og Hylestad Vest

Ljosådalen - Njardarheim (Statskog)					
	Kalv	Kolle	Spissbukk	Bukk	SUM
2026-2028	1	1			2
Oveinang vest grunneigarjakt og utleigejakt					
	Kalv	Kolle	Spissbukk	Bukk	SUM
2026-2028	11	11	3	12	37
Bø/Åmli/Berg					
	Kalv	Kolle	Spissbukk	Bukk	SUM
2026-2028	3	3	1	3	10
Helle					
	Kalv	Kolle	Spissbukk	Bukk	SUM
2026-2028	5	5	2	5	17
Uppstad					
	Kalv	Kolle	Spissbukk	Bukk	SUM
2026-2028	1	1	1	1	4
Brokke - Garane					
	Kalv	Kolle	Spissbukk	Bukk	SUM
2026-2028	5	5	2	5	17
Besteland					
	Kalv	Kolle	Spissbukk	Bukk	SUM
2026-2028	1	1	1	1	4
Rysstad - Nomeland					
	Kalv	Kolle	Spissbukk	Bukk	SUM
2026-2028	7	7	2	7	23

For best mogeleg å kunne fylgje utviklinga i hjortebestanden i tida frametter leggjast det opp til systematisk innsamling av data frå sett og felt hjort inklusive slaktevektar. For føring av «sett hjort»-skjema ligg same retningslinjer til grunn som for elg (sjå «sett elg» i kapittel 5).

Vidare legghjorteviltforskrifta, forskrift om utøving av jakt og fangst og anna gjeldande lovverk føringane for den generelle jaktutøving og regelverk.

7. Fallvilt og felling av skadedyr

Ved felling av skadedyr og fallvilt ynskjer viltlaga å verte førespurde av kommunen v/ viltneimda om dei ynsker dyret/dyra tekne på sin kvote etter nærare avtala reglar.

8. Reaksjonsføresegner

Ved alvorleg feilfelling misser jaktfeltet eitt av dei største tildela dyra i neste planperiode. Ved for sein rapportering (7.januar) kan jaktfeltet miste eit av de minste dyra i neste planperiode.

9. Rådyr

Jaktfelta søker om kvotefri rådyrjakt. Ein føresetnad er at jaktfelta må vere over 500 dekar (minstearealet)

10. Bever

Viltlaga søker om ei kvote på 50 bever per år, totalt 150 bever for perioden 2026-2028. Viltlaga vil fordele kvoten til enkeltgrunneigarar/jaktfelt ut frå areal/teljande vasslengde i høve til eigneretningsliner.

11. Ettersøk

Ettersøksavtale om tilgang på godkjend ettersøkshund skal foreligge før jaktstart. Dette gjeld jakt på elg, hjort og rådyr. Manglande ettersøksavtale førar til inndraging av kvote.

12. Fullmakt

Leiarane i viltlaga har, på vegne av vedtak i bestandsplanområdet, fullmakt til å sende inn bestandsplanen til godkjenning av Valle kommune. Styret har godkjent bestandsplanen.

Stad: _____ Dato: _____

Leiar i Valle og Hylestad Austhei Viltlag

Leiar i Hylestad Vest Viltlag

Bestandsplanen er godkjend:

Stad

Dato

For Valle kommune